

Kontrollutvalet sin rapport til Senterungdomen sitt landsmøte 2024

Samansetting og mandat

På Senterungdomen sitt landsmøte i 2023 vart Hilde Horpen, Henning Røyneberg og Dorthea Elverum vald som medleamar i kontrollutvalet for 2023-2024. Henning Røyneberg har vore leiar av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sitt mandat følgjer av §15 i vedtektene til Senterungdomen.

Utvalget skal foreta en helhetsvurdering av sentralstyrets disposisjoner i forhold til lover, vedtekter, arbeidsplan og budsjett. Videre skal kontrollutvalget ta stilling til om utvalg og komiteer arbeider i henhold til sine vedtekter, økonomiplan og gitte fullmakter.

Kontrollutvalet sine vurderingar skal kome fram i ein rapport til landsmøtet.

Arbeidsåret

Kontrollutvalet har hatt jamleg kontakt og har hatt fleire møte gjennom arbeidsåret. Kontrollutvalet var representert på utvalshelga i januar. Kontrollutvalet var til stades på Senterungdomen sitt landsstyremøte i Oslo 11-13. oktober 2024. Kontrollutvalet har i hovudsak hatt samtalar med medleamar i sentralstyret i Senterungdomen. I tillegg har kontrollutvalet hatt samtalar med tilsette i Senterungdomen i perioden, nokre fylkesleiarar og generalsekretær i Senterpartiet.

Kontrollutvalet har gjennom arbeidsåret blitt kontakta av organisasjonen om konkrete saker knytt til forståing av vedtekter og retningslinjer.

Kontrollutvalet har konsentrert seg om følgjande hovudpunkt i årets rapport:

1. Medlemssystemet
2. Administrasjon og rutinar
3. Gjennomgang av tilrådingane frå fjorårets rapport

1. Medlemssystemet

Kontrollutvalet har avdekket store manglar ved medlemssystemet. Kontrollutvalet har fått tilbakemeldingar på at det er tungvint og tidkrevande å melde inn nye medleamar i Senterungdomen. Tillitsvalde har fortalt at personar ikkje melder seg inn i

Senterungdomen fordi det tek for lang tid. Kontrollutvalet har også forstått det slik at fleire plassar i landet er det ikkje ein gong mogleg å melde seg inn i Senterungdomen. Dette ser me på som alvorleg i ein organisasjon der målet er politiske gjennomslag og aktivitet blant medlemmar. Da er det ein føresetnad å ha eit medlemssystem som kan registrere nye medlemmar.

Kontrollutvalet har dei tidlegare åra påpeika at det har vore feil i medlemssystemet, og det har vore krevande for lokal- og fylkeslag å få oppdatert oversikt over medlemmane. Dette gjeld framleis.

Kontrollutvalet tilrår at å få eit fungerande medlemssystem skal vere førsteprioritet det komande arbeidsåret.

2. Administrasjon og rutinar

Kontorfunksjonen til Senterungdomen er sårbar grunna stor arbeidsbelastning, få tilsette og oppgåver som avhenger av enkeltpersonar. Kontrollutvalet merkar seg at det ikkje finst gode rutinar og oppgåvebeskrivingar for arbeidet som vert utført av ressursane på kontoret, og kva som skjer i overgangar ved nytilsettingar eller ved fråvær av tilsette på kontoret. Det er viktig at det finst gode rutinar på oppfølging av oppgåver, særleg dei tidskritiske.

Kontrollutvalet tilrår at sentralstyret, saman med generalsekretær, gjennomgår rutinane og retningslinjene knytt til arbeidsstillingar og oppfølging av oppgåver. Det bør utarbeidast rutinar for overgang mellom tilsette og ved fråvær.

Det er høg arbeidsbelastning på stillingane på kontoret, særleg stillinga som generalsekretær. Kontrollutvalet oppmodar om at ein ser på tiltak for å gjera stillinga som generalsekretær meir attraktiv.

3. Oppfølging av tilrådingane frå fjorårets rapport

Kontrollutvalet sin rapport for 2023 tok for seg økonomi og administrasjon, rutinar og retningslinjer og medlemssystem. Kontrollutvalet viser til at kontrollutvalet sin

rapport har vore tema på alle sentralstyremøtene dette arbeidsåret. Kontrollutvalet har sett rapporten frå 2023 i samanheng med årets rapport.

I fjorårets rapport kom det fram at det er viktig at tillitsvalde er kjent med forventningar og arbeidsmengde ved inngangen til vervet, og at arbeidsmengda er overkommeleg for sentralstyremedlemane. Det er viktig at tilsette og tillitsvalde i Senterungdomen er bevisst sitt arbeidsgjevar- og personalansvar. Dette bør det jobbast vidare med det komande arbeidsåret.

Dei siste åra har oversikt over økonomi vore eit sentralt tema for kontrollutvalet. Seinast i fjor kom kontrollutvalet med ei tilråding som sa at «senterungdomen bør vurdere eit anna oppsett for budsjett og rekneskap». Kontrollutvalet opplever at denne tilrådinga er fulgt, og at sentralstyret no er godt orienterte om økonomien i organisasjonen.

Oppsummering

Kontrollutvalet ser på medlemssystemet som den største utfordringa for vidare arbeid i Senterungdomen.

Kontrollutvalet merkar seg at det jamt over blir arbeida godt i organisasjonen, og at arbeidsplanen i stor grad er gjennomført. Kontrollutvalet opplever at Senterungdomen arbeider i samsvar med vedtektene.

Kontrollutvalet sine samla tilrådingar:

- a . Kontrollutvalet tilrår at å få eit fungerande medlemssystem skal vere førsteprioritet det komande arbeidsåret.
- b. Kontrollutvalet tilrår at sentralstyret, saman med generalsekretær, gjennomgår rutinane og retningslinjene knytt til arbeidsstillingar og oppfølging av oppgåver. Det bør utarbeidast rutinar for overgang mellom tilsette og ved fråvær.
- c. På bakgrunn av høg arbeidsbelastning, oppmodar kontrollutvalet om at ein ser på tiltak for å gjera generalsekretærstillinga meir attraktiv.